



Voss kommune

Postboks 145
5701 VOSS

Dato: 03.02.2015
Vår ref.: 2014/21925-15
Saksbehandlar: HANVIE_
Dykkar ref.:

Fråsegn til kommuneplan for Voss kommune- oversending av vedtak

Vi viser til brev datert 03.09.2014 om offentlig ettersyn av kommuneplanen for Voss kommune 2015-2026. Kultur- og ressursutvalet har handsama saka i møte 22.01.2015, sak nr. 14/2015 og gjort følgjande vedtak:

Vedtak

1. *Forslag til Kommuneplan for Voss 2015-2026 er i hovudsak i samsvar med regionale interesser.*

Planen er vurdert og er i samsvar med regional politikk for barn og unges interesser, friluftsliv, folkehelse, landskap, samferdsel, klima og energi, næring, samferdsel, vassforvaltning, vilt og innlandsfisk.

Samfunnsdelen og arealdelen utfyller kvarandre på ein god måte. Det er i hovudsak samsvar mellom samfunnsdelens intensjonar og den konkrete arealbruken i arealdelen. Det er ikkje samsvar når det gjeld omfanget av nye bustader utanfor senterområde. Kommunen har arealstrategiar som byggjer opp under prinsipp om samordna areal -og transportplanlegging. Konsekvensutgreiinga er godt oppbygd og oversiktleg.

2. *Det er lagt til rette for utbygging i forhold til forventa vekst og eksisterande ledig areal. Kommunen har lagt til grunn prinsipp om samordna areal og transportplanlegging og vekst i dei områda som ligg nær fellesfunksjonar.*

Grunna omsynet til klima og areal og transportplanlegging bør bustadområde som ligg i utkanten av senterområde revurderast. Ein bør vurdere fortetting i sentrum og eksisterande bustadområde før ein legg til rette for vidare utbygging.

- a. *Det er lagt til rette for fleire mindre bustadområde som ikkje ligg i tilknytning til senterområde. Kommunen bør redusere omfanget av desse.*
- b. *Lokaliseringa av følgjande bustadareal er ikkje i samsvar med samordna areal og transportplanlegging:*
 - *B19 Hellesnes*

Det er knytt motsegn til B19 Hellesnes. Fylkeskommunen ynskjer å drøfte desse spørsmåla nærmare med kommunen.

3. *Det er positivt at kommunen satsar på turisme og friluftsliv, men utbygging av hytter bør skje i konsentrerte område. Nye område til fritidsbustad som ikkje er knytt til eksisterande hytteområde bur vurderast på nytt.*

4. *Det er positivt at kommunen har gjennomgått areal for råstoffutvinning. Planen følger opp den regionale politikken for råstoffutvinning og forvaltning av mineralressursar på ein god måte.*
5. *Kommuneplanen legg opp til ein god forvaltning av dei ressursane kommunen har i kulturminne og kulturmiljø.*
 - a. *Det er knytt motsegn til arealbruk for området R4 C Hylle og Bjørkemoen grunna konflikt med nasjonale kulturminneverdiar. Motsegna vil kunne trekkast dersom ein gjer naudsynte endringar i planen.*
 - b. *Det er knytt motsegn til område B19 Hellesnes grunna vesentleg konflikt med automatisk freda kulturminne.*

Hordaland fylkeskommune har motsegn til to område i planen. Vi ynskjer å drøfte motsegna nærare med kommunen.

Planen kan ikkje eigengodkjennast før motsegnspørsmålet er løyst, jf. PBL §§ 5-4.

Marit Rødseth
plansjef

Hanne Kathrin Vie
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Statsbygg - Region Vest	Postboks 35 Nygårdstangen	5838	BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Jernbaneverket - Region Vest	Postboks 4350	2308	HAMAR
Norges Vassdrag og Energidirektorat - Region Vest	Postboks 53	6801	FØRDE

iArkivsak:

Arkivnr: 2014/21925-4

Saksbehandlar: Hanne Kathrin Vie, Liv Sundheim, Eva Katrine Ritland Taule,
Marit Rødseth, Jostein Aksdal, Gunnbjørg Austrheim, Gunhild Raddum,
Jan Nordbø, Jomar Ragnhildstveit, Else-Marie Brobakke Aarø

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet	14/15	22.01.2015

Fråsegn til kommuneplan for Voss kommune – areal- og samfunnsdel**Samandrag**

Voss kommune har sendt kommuneplanens arealdel og samfunnsdel, med føresegner, retningslinjer og konsekvensanalyse på høyring.

Samfunnsdelen dekkjer sju plantema. Plantema er knytt til Voss kommune sin organisasjon, miljøvern og berekraftig utvikling, levekår for barn og unge, levekår for vaksne og eldre, næringsutvikling, arbeid og integrering, kommunal tilrettelegging og samferdsle. I kvart plantema er det formulert mål og handlingsprogram.

Kommunen har hatt mål om å samordne areal og transport best mogeleg. Dette har dei gjort ved å legge til rette for bustader knytt til senterområde. I kommuneplanen er det fastsett ein senterstruktur der Vossevangen er definert som regionsenter. Det er også definert andre lokalsenter og nærsenter. Voss kommune har gjort ein god jobb med å leggje til rette for bustader i senterområde i samsvar med samordna areal og transport. Kommuneplanen legg også til rette for fleire mindre bustadområde som ikkje er i tilknytning til senterområde. Dette er område som er i strid med prinsipp for samordna areal og transport. Det er knytt motsegn til eit areal som er i strid med god samordna areal og transportplanlegging.

Voss kommune er rik på kulturminne, og det er gjennom kommuneplanen gjort ein god jobb med på forvalte desse ressursane. Likevel er det enkelte areal som kjem i konflikt med omsynet til kulturminne. Fylkeskommunen foreslår motsegn til to arealformål på grunnlag av konflikt med kulturminne.

Forslag til vedtak

1. Forslag til Kommuneplan for Voss 2015-2026 er i hovudsak i samsvar med regionale interesser.

Planen er vurdert og er i samsvar med regional politikk for barn og unges interesser, friluftsliv, folkehelse, landskap, samferdsel, klima og energi, næring, samferdsel, vassforvaltning, vilt og innlandsfisk.

Samfunnsdelen og arealdelen utfyller kvarandre på ein god måte. Det er i hovudsak samsvar mellom samfunnsdelens intensjonar og den konkrete arealbruken i arealdelen. Det er ikkje samsvar når det gjeld omfanget av nye bustader utanfor senterområde. Kommunen har arealstrategiar som byggjer opp under prinsipp om samordna areal -og transportplanlegging. Konsekvensutgreiinga er godt oppbygd og oversiktleg.

2. Det er lagt til rette for utbygging i forhold til forventta vekst og eksisterande ledig areal. Kommunen har lagt til grunn prinsipp om samordna areal og transportplanlegging og vekst i dei områda som ligg nær fellesfunksjonar.

Grunna omsynet til klima og areal og transportplanlegging bør bustadområde som ligg i utkanten av senterområde revurderast. Ein bør vurdere fortetting i sentrum og eksisterande bustadområde før ein legg til rette for vidare utbygging.

- c. Det er lagt til rette for fleire mindre bustadområde som ikkje ligg i tilknytning til senterområde. Kommunen bør redusere omfanget av desse.
- d. Lokaliseringa av følgjande bustadareal er ikkje i samsvar med samordna areal og transportplanlegging:
 - B19 Hellesnes

Det er knytt motsegn til B19 Hellesnes. Fylkeskommunen ynskjer å drøfte desse spørsmåla nærmare med kommunen.

3. Det er positivt at kommunen satsar på turisme og friluftsliv, men utbygging av hytter bør skje i konsentrerte område. Nye område til fritidsbustad som ikkje er knytt til eksisterande hytteområde bur vurderast på nytt.
4. Det er positivt at kommunen har gjennomgått areal for råstoffutvinning. Planen følgjer opp den regionale politikken for råstoffutvinning og forvaltning av mineralressursar på ein god måte.
5. Kommuneplanen legg opp til ein god forvaltning av dei ressursane kommunen har i kulturminne og kulturmiljø.
 - c. Det er knytt motsegn til arealbruk for området R4 C Hylle og Bjørkemoen grunna konflikt med nasjonale kulturminneverdiar. Motsegna vil kunne trekkast dersom ein gjer naudsynte endringar i planen.
 - d. Det er knytt motsegn til område B19 Hellesnes grunna vesentleg konflikt med automatisk freda kulturminne.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 22.01.2015

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt endringsforslag til vedtak:

«Nytt pkt. 3: Voss kommune har gjennom eksisterende planer rikelig med areal til fritidsformål. Kommune bør derfor konsentrere seg om de areal som allerede er regulert til fritidsformål.»

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt forslag til vedtak:

«Nytt pkt. 6: Det er positivt at planen presenterer mål og tiltak for å få med klimautslipp. Det er også positivt at planens mål, strategi og retningslinjer i stor grad samsvarer med klimaplan for Hordaland. Kommune bør vurderer forskriften med krav om 20% av P-plassene i Voss sentrum blir reservert for el-bil og lagt til rette for normallading.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 1, 2, 4 og 5 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag til nytt pkt. 3 vart vedteke med 11 røyster mot 2 røyster (MDG) for Tomren sitt forslag som fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag til nytt pkt. 6 vart vedteke med 11 røyster mot 2 røyster (MDG) for Tomren sitt forslag som fall.

Vedtak

1. Forslag til Kommuneplan for Voss 2015-2026 er i hovudsak i samsvar med regionale interesser.

Planen er vurdert og er i samsvar med regional politikk for barn og unges interesser, friluftsliv, folkehelse, landskap, samferdsel, klima og energi, næring, samferdsel, vassforvaltning, vilt og innlandsfisk.

Samfunnsdelen og arealdelen utfyller kvarandre på ein god måte. Det er i hovudsak samsvar mellom samfunnsdelens intensjonar og den konkrete arealbruken i arealdelen. Det er ikkje samsvar når det gjeld omfanget av nye bustader utanfor senterområde. Kommunen har arealstrategiar som byggjer opp under prinsipp om samordna areal -og transportplanlegging. Konsekvensutgreiinga er godt oppbygd og oversiktleg.

2. Det er lagt til rette for utbygging i forhold til forventa vekst og eksisterande ledig areal. Kommunen har lagt til grunn prinsipp om samordna areal og transportplanlegging og vekst i dei områda som ligg nær fellesfunksjonar.

Grunna omsynet til klima og areal og transportplanlegging bør bustadområde som ligg i utkanten av senterområde revurderast. Ein bør vurdere fortetting i sentrum og eksisterande bustadområde før ein legg til rette for vidare utbygging.

- e. Det er lagt til rette for fleire mindre bustadområde som ikkje ligg i tilknytning til senterområde. Kommunen bør redusere omfanget av desse.
- f. Lokaliseringa av følgjande bustadareal er ikkje i samsvar med samordna areal og transportplanlegging:
 - B19 Hellesnes

Det er knytt notsegn til B19 Hellesnes. Fylkeskommunen ynskjer å drøfte desse spørsmåla nærmare med kommunen.

3. Det er positivt at kommunen satsar på turisme og friluftsliv, men utbygging av hytter bør skje i

konsentrerte område. Nye område til fritidsbustad som ikkje er knytt til eksisterande hytteområde bur vurderast på nytt.

4. Det er positivt at kommunen har gjennomgått areal for råstoffutvinning. Planen følgjer opp den regionale politikken for råstoffutvinning og forvaltning av mineralressursar på ein god måte.
5. Kommuneplanen legg opp til ein god forvaltning av dei ressursane kommunen har i kulturminne og kulturmiljø.
 - e. Det er knytt motsegn til arealbruk for området R4 C Hylle og Bjørkemoen grunna konflikt med nasjonale kulturminneverdiar. Motsegna vil kunne trekkast dersom ein gjer naudsynte endringar i planen.
 - f. Det er knytt motsegn til område B19 Hellesnes grunna vesentleg konflikt med automatisk freda kulturminne.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
regionaldirektør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 11.11.2014

1. Bakgrunn

Voss kommune har sendt forslag til kommuneplanens areal –og samfunnsdel på høyring med frist 12.november 2014. Etter avtale med kommunen har Hordaland Fylkeskommunen har fått utsett frist til januar 2015. Hordaland fylkeskommune vurderer planen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. Kultur – og ressursutvalet kan gje fråsegn og fremje motsegn til planen dersom viktige regionale og nasjonale interesser står på spel.

Når motsegn blir fremma må kommunen endre planen som regel etter å ha drøfta problemstillingar og løysingar i møte med fylkeskommunen.

Dersom faglege tilrådingar om motsegn på bakgrunn av nasjonale kulturminneinteresser ikkje vert fylgt opp av politiske organ i fylkeskommunen, skal fylkeskommunen gje melding om dette til Riksantikvaren som kan fremja motsegn i saka. (jf. Forskrift til Kulturminnelova kap. 1, § 3)

Fylkeskommunen må ta atterhald om alle byggeområde i planen til undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova er oppfylt. Dette gjeld både land og sjøområde.

1.1 Planprosess og medverknad

Hordaland fylkeskommune har gitt innspel til planprogrammet i brev av 23.mai 2014. Både planprogrammet og kommuneplanen har blitt drøfta i Regionalt planforum 29.april 2014. Det vart også gjennomført eit dialogmøte møte mellom Voss kommune og Hordaland fylkeskommune den 4.desember 2014.

2. Innhald i planen

I dette avsnittet blir innhaldet i planforslaget kort referert, utan vurdering av konsekvensar for regionale interesser.

Kommuneplanen består av følgjande dokument:

- Kommuneplan for Voss, samfunnsdel
- Kommuneplan for Voss, arealdel:
 - o Plankart (juridisk bindande)
 - o Planomtale
 - o Føresegner (juridisk bindande)
 - o Retningslinjer
 - o Konsekvensutgreiing og risiko og sårbarheitsanalyse (ROS)

I tillegg er det lagt ved eit høyringsutkast til plan for hovudnett for sykkel i Voss sentrum.

Alle plandokumenta kan lesast på denne linken til høyringsperioden er over:

<http://www.voss.kommune.no/artikkel.aspx?MId1=350&AId=1590>

2.1 Samfunnsdel

Samfunnsdelen gjev retningslinjene for kommunen sin politikk i planperioden. I samfunnsdelen skal ein ta stilling til dei langsiktige utfordringane, måla og strategiane både for kommunen som organisasjon og for kommunesamfunnet. Samfunnsdelen skal følgjast opp av ein handlingsdel som syner korleis planen skal gjennomførast.

I samfunnsdelen for Voss kommune i denne rulleringa har ein hatt fokus på å gå gjennom det eksisterande handlingsprogrammet og tilpassa denne etter den økonomiske situasjonen i kommunen. Ein har også jobba med å gjere dei enkelte tiltaka meir konkrete.

Framtidsvisjonen for kommunen er «*Voss- bygd for sterke opplevingar*». Med denne visjonen meiner ein at Voss skal vere staden der ein har eit mangfald av opplevingar anten ein er i naturen, innan kulturlivet, på skulen eller i omsorgstjeneste. Ved revideringa av kommuneplanen har ein basert seg på eit overordna mål, som er : «*Voss kommune skal vidareutviklast som eit sterkt og attraktivt regionscenter*».

For å nå målet og visjonen er det lagt 12 strategiar, der Voss skal:

- Leggje til rette for vekst i kommunen ved å ta initiativ ovanfor andre kommunar innan tema som samferdsle, utdanning og reiseliv.
- Leggje til rette for at Vossevangen skal utviklast vidare som regionscenter.
- Auke folketalet i kommunen, mellom anna ved å få på plass ein konkurransedyktig Bergensbane og ein trygg E16.
- Gje innbyggjarane eit godt og variert bustadtilbod.
- Framtidsretta og nyskapande verdiskaping med særleg fokus på reiseliv, landbruk, kulturbasert næringsliv og helse og omsorgstilbod.

- Leggje vekt på allsidige kultur og fritidstilbod.
- Leggje til rette for ein effektiv og serviceorientert kommune.
- Leggje opp til at ein innan helse og omsorg flytter fokus frå reparasjon til førebyggjande arbeid.
- Vere ein kommune der bærekraftig utvikling, folkehelse, universell utforming og langsiktig styring skal leggest til grunn for planleggingsarbeidet.
- Leggje vekt på estetikk i fleire område, mellom anna innan opplæring, planlegging og utbygging.
- Redusere faren for ulykker ved å videreutvikle sikrings og beredskapsarbeidet.
- Leggje til rette for at arbeidstakarane i kommunen opplever ein kontinuerleg prosess for å skape arbeidsplasser som er attraktive.

Planen tek opp 7 ulike hovudplantema. Under dei ulike plantema er det presisert mål og handlingsprogram. Dei ulike plantema er:

- Voss kommune som organisasjon
- Miljøvern og bærekraftig utvikling
- Levevilkår for barn og unge
- Levevilkår, vaksne og eldre
- Næringsutvikling, arbeid og intergrering
- Kommunal tilrettelegging og tekniske tenester
- Samferdsle

2.2 Arealdel

Samfunnsdelen viser kva Voss kommune ynskjer å satse på og kva veg kommunen ynskjer at utviklinga skal gå dei neste 12 åra. Arealdelen skal syne korleis dette skal løysast innafor arealet til kommunen. Det er difor viktig at det er samsvar mellom dei satsingane som er formulert i kommuneplanens arealdel og dei arealløysingane som er kartfesta i arealdelen.

Arealdelen syner noverande og framtidig arealbruk i kommunen og er saman med føresegnene rettsleg bindande. I tillegg til føresegnene er det utarbeida retningslinjer som er retningsgjevande for sakshandsaminga i kommunen.

Planomtale

Planomtalen er lite utfyllande. Omtalen viser hovudstrategiar og målsettingar for planarbeidet. I denne rulleringa for kommuneplanen til Voss har ein hatt to hovudtema, tilgang på bustadareal nær sentrum, og vurdering av område som er egna for råstoffutvinning.

Plankart

Det kom inn 127 innspel til arealbruk ved rulleringa av kommuneplanen. Kommunen har vurdert 84 av arealinnspela som relevante for kommuneplanen. Desse innspela er med i planframlegget. Plankartet er tilgjengeleg på både kart og i ein GIS-database.

Føresegner

Føresegnene er detaljerte og heimla i plan –og bygningslova. Generelle føresegn dreier seg mellom anna om plankrav, krav til utbyggingsavtale, rekkefølgekrav, krav til undersøkingar og dokumentasjon ved tiltak, byggegrenser, universell utforming, skilt/ reklame, parkeringskrav og arkitektur -og estetikk. I tillegg har kvart enkelt arealformål også tilhøyrande føresegner og retningslinjer.

Konsekvensutgreiing

Dei 84 innspela som vart vurdert som relevante for kommuneplanen har gått gjennom ein konsekvensutgreiing. Konsekvensutgreiinga inneheld fire hovuddelar:

- Omtale av arealet: Størrelse på arealet, eksisterande arealbruk og planlagt ny arealbruk.

- Verdivurdering: Vurdering av arealets eksisterande verdi ut frå naturverdiar og biologisk mangfald, friluftsliv/ reiseliv, kulturminne og kulturmiljø, landskap og landbruk.
- Konsekvensutgreiing: Vurdering av dei konsekvensane ny arealbruk vil ha for miljø og samfunn. Mellom anna tema som ekstremvær, forureining, landbruk, skule/barnehage og infrastruktur.
- Samla vurdering: På bakgrunn av omtala av arealet, verdivurderinga og konsekvensutgreiinga er det gjort ein samla vurdering med utale om den nye arealbuken bør inngå i kommuneplanen.

3.Vurdering av regionale interesser

I dette avsnittet vurderer vi i kva grad regionale interesser er ivaretatt i planen. Det er lagt mest vekt på tema som planen ikkje har teke tilstrekkeleg omsyn til og som har vore sentrale i tidlegare innspel. Omtale av arealformål i planen er å finne oppsummert i kapittel 4.

3.1 Generelt om planen

Kommentar til samfunnsdelen:

Samfunnsdelen samsvarer godt med dei innspela som er gitt i samband med planprogram og møte i planforum. Dei tema som blir teke opp er relevante for Voss kommune.

Kommentar til arealdelen:

Voss kommune er ein kommune med folkevekst. Auka folketal fører til behov for byggeområde og det er difor svært viktig at kommunen har ein heilskapleg og langsiktig plan som sikrar både nok utbygging samstundes som andre interesser blir ivaretatt. Planen som ligg til høyring er gjev intrykk av å være eit reelt styringsdokument som både legg til rette for vidare utbygging samstundes som fellesverdiar som landskap, friluftsområde og kulturminne i stor grad er tekne vare på. Planen har likevel nokon manglar i innhaldet:

- Planomtalen
Planomtalen for kommuneplanens arealdel som ligg på høyring er lite utfyllande . Ein planomtale skal stå i forhold til omfanget av ny arealbruk og være fyldig nok til at ein får oversikt over omsyna bak planen. Planomtalen skal mellom anna syne korleis planen, og ny arealbruk, samsvarer med overordna planar og nasjonale mål og retningslinjer. Ein skal tydeleg få fram eksisterande situasjon og dei endringane som planen vil føre til. Dette gjev eit godt grunnlag for medverking, vurdering av avgjerder og tolking av planframlegget. Planomtalen til Voss kommune i arealdel visar kva slags område som vert tatt med i planen, men syner ikkje eventuelle areal som er tatt ut av planen. Denne manglande oversikten, saman med en lite utfyllande planomtale at det vert vanskeleg å få oversikt over dei heilskapelege konsekvensane ny arealbruk har for kommunen.
- Plankartet
Arealplankartet er laga i sosi-standard og er godt sett opp. Det er eit viktig prinsipp at arealplankartet skal være lett leseleg. I plankartet er ikkje transportvegar som veg, gang og sykkel og jernbane godt synleg i kartet. Dette kunne med fordel ha vore meir synleg for å gjere kartet lettare leseleg. Det er positivt at det er nytta verktøy for geografiske informasjonssystem i planarbeidet.
- Konsekvensanalysen
Det er eit godt og oversiktlig oppsett på konsekvensanalysen, men enkelte av tema er ikkje tilstrekkeleg vurdert. Planen manglar eit oversyn over kor mange av dei 84 innspela som er vurdert tatt med, tatt med sjølv om KU rår ifrå, eller ikkje tatt med.

3.3 Samordna areal og transport, Senterstruktur

Voss kommune ynskjer å ta del i befolkningsveksten i Bergensregionen. For å gjere dette vil kommunen mellom anna leggje til rette for attraktive bustader. Ifølge kommuneplanens samfunnsdel har kommunen tilstrekkeleg bustadareal for komande 12 års periode. Utfordringane i forhold til bustaddekning gjeld difor ikkje arealbehova totalt sett, men gjeld i hovudsak å få meir variasjon i bustadtype og nye bustader i sentrumsnære område. Ifølge samfunnsdelen er det særleg naudsynt å byggje leilegheiter og mindre bustader.

Samfunnsdelen til kommuneplanen med den overordna visjonen og måla til kommunen, er i tråd med regional politikk om samordna areal og transportplanlegging. I måla legg ein opp til fokus på utvikling rundt Vossevangen som eit viktig regionsenter. Dette er i samsvar med Regional plan for attraktive senter i Hordaland som vart vedtatt i desember 2014. Det er positivt at ein i arealdelen har retningslinje som legg opp ein differensiert senterstruktur. I retningslinjene vert Vossevangen definert som regionsenter og kommunesenter, Skulestadmo og Palmafossen/ Bryn/ Lid som lokalsenter, og Bolstad, Evanger, Mønshaugden og Vinje som nærsenter. Kommunen har gjort ein god jobb med å leggje opp til at nye bustadområde skal etablerast i kort avstand til senterområda, samt at ein legg opp til meir sykkelbruk gjennom ein egen traseplan for sykkel.

Sjølv om måla og grunnlagsarbeidet er i samsvar med Hordaland Fylkeskommune sin politikk, har forslaget likevel enkelte løysingar som ikkje er i samsvar med regionale interesser innan samordna areal -og transport og senterstruktur.

Kommentar:

Bustadbehov:

Bustadbehov og trong for nytt areal til bustader er ikkje tilstrekkeleg dokumentert og vurdert i planen. Kommunen treng sentrumsnære bustader og meir variasjon i bustadmasse, men det er ikkje vurdert kor mykje reserver kommunen har i eksisterande bustadområde, eller kor mange nye bustader ein treng i framtida. Kommuneplanen er eit viktig styringsdokument for bustadutviklinga i kommunen. Ei analyse av det eksisterande og framtidige behovet for bustader gjer det lettare å ha ein balansert bustadutvikling og ha god kontroll på areala slik at ein ikkje legg ut nye bustadområde der det allereie er ledige tomter.

Bustader og senterstruktur:

Fokusområdet i denne rulleringa er sentrumsnære bustader, og Voss kommune har gjort ein god jobb med å leggje til rette for dette. I andre delar av kommunen, i dei områda som ikkje ligg nær senterområda er biletet noko annleis. I forslaget til kommuneplan er det lagt opp til mange små nye bustadtomter som ligg langt frå dei senterområda som kommunen har definert, eller i område som ikkje ligg nær skule eller barnehage. Desse nye bustadområda vert i stor grad bilbasert og kjem i konflikt med retningslinje for samordna areal og transportplanlegging og måla i klimaplan for Hordaland. Kommunen bør konsentrere seg om eksisterande bustadfelt og å leggje til rette for sentrumsnære bustadareal og fleirmannsbustader, ikkje leggje opp til at ein skal busette seg i nye bustader utanfor senterområde.

Når det gjeld variasjon i bustadmasse er det positivt at kommunen legg opp til meir varierte bustader i tilknytning til senterområde. Hordaland Fylkeskommune vil likevel kommentere vedlegg 3, som syner oversikten over planlagt utbyggingsform. Tabellen syner at kommunen legg opp til 279 nye einebustader. Dette er ikkje med på å sikre ein meir variert bustadmasse, men er med på å oppretthalde bustadmassen som allereie er dominerande i kommunen.

Kommunen har ikkje eit generelt plankrav og legg også opp til at mange av dei nye bustadareala ikkje treng reguleringsplan. Ved å leggje inn fleire nye små og mellomstore areal til bustad, utan krav om reguleringsplan, vil ein risikere å få ein lite heilskapleg planlegging som på sikt kan føre til store verknader for mellom anna infrastruktur, senterutvikling og landskap. Små bustadareal som ikkje ligg i naturleg tilknytning til anna busetnad bør visast som LNF- spreitt, ikkje som byggjeføremål for bustad.

Utstrekning på senterområda:

Når det gjeld sentrumsnære bustader har kommunen gjort ein god jobb med å leggje til rette for variert bustadmasse innafor regionsenteret på Vossevangen. Det er også gjort ein god jobb med å lokalisere nye bustadareal i tilknytning til andre lokal –og nærssenter. Likevel kunne planen med fordel ha vurdert kva slags utstrekning som gjeld for dei ulike senterområda. For at eit sentrumsområde skal fungere på ein god måte, må ein lokalisere variert arealbruk innafor ei kjerne som er gangbar. Kva som er ein gangbar kjerne må vurderast ut frå dei lokale tilhøva på staden. I Regional plan for attraktive senter legg ein opp til at sentrumsutstrekninga skal være sett i kommuneplan eller reguleringsplan. Der ein ikkje har gjort dette må ein ta utgangspunkt i at sentrumsutstrekninga følgjer normene i regionale retningslinjer. Voss kommune har ikkje vurdert utstrekning på dei enkelte senterområda. Dette fører til at planen som ligg føre har fleire nye bustadareal som ligg i randsona av det ein kan vurdere som areal i tilknytning til regionsenter, lokalsenter og nærssenter. Etter nasjonal gåstrategi vil det på reiser over ein kilometer være fleire som nyttar seg av bil enn gange. I planen er det fleire nye bustadareal som ligg nær lokal og nærssentra, men samstundes så langt vekke at bilen fort blir prioritert som framkomstmiddel. Dette fører til ein noko utflytande senterstruktur. Særleg gjeld dette for området Mønshøgden/Opeland. Kommunen bør vise til vurderingar om kring senterområda, både i forhold til eksisterande bustadmasse og utstrekning, før det vert lagt til rette for store byggjefelt.

Handel og senterstruktur:

Ein tydeligare sentrumsavgrensing gjeld også i høve til handel. Kommunen ynskjer at Vossevangen skal være eit levande sentrum med utval i både handel og servicefunksjoner. Kommuneplanens arealdel er eit viktig styringsdokument for å leggje premissane for dette. I planen er det lagt ved eit kart som syner sentrumsavgrensing av Vossevangen som tettstad, men det er ikkje gjort ei vidare vurdering og avgrensing av sjølve sentrumskjerna. Hordaland fylkeskommune rår til at ein differensierer områda som ligg innanfor regionsenteret og definerer det området der ein ynskjer å legge til rette for handel, service og andre private og offentlege tenestar. Dette kan ein til dømes gjere ved å ta utgangspunkt i ein 300 meter radius frå torget.

Det er viktig at det vert ein god balanse mellom Vossavangen som regionsenter og andre områder for handel og næring. Dette er med på å sikre levande og attraktive senterområde. I regional plan for attraktive senter er det mål om at «*sentra skal være attraktive for handel med næringsverksemd dimensjonert etter nivå i senterstrukturen*». I kommuneplanen for Voss vert både Palmafossen og Skulestadmoen definert som lokalsenter der ein opnar opp for næring. Hordaland fylkeskommune rår til at kommunen gjer vurderingar kring handelsutviklinga i desse områda og at ein sikrar dette gjennom føresegnene.

Oppsummering:

- Voss kommune har i eksisterande planer dekt bustadarealet for kommunen totalt sett i kommande periode, men dette er ikkje tilstrekkeleg dokumentert. Kommunen bør konsentrere seg om å regulere dei areala som ligg nære senterområde og som allereie er regulert til bustad.
- Kommunen bør vurdere utstrekninga til dei ulike senterområda, og ha ein tydelegare definering av sentrumskjerna til Vossevangen.
- Utbygging av fleire små og mellomstore nye bustadområde er i strid med prinsipp for samordna areal og transportplanlegging, og måla i klimaplan for Hordaland. Hordaland Fylkeskommune rår frå den store mengda av små bustadareal utanfor senterområde. Det er knytt motsegn til område som legg opp til arealbruk i strid med samordna areal og transportplanlegging.

Fritidsbustader

Voss kommune er ein stor utmarks -og friluftslivkommune, og er difor ein ettertrakta hyttestedestinasjon. I 2014 var det over 3300 fritidsbustader i kommunen og i perioden 2010-2013 vart det lagt ut om lag 400 nye fritidsbustader. I følgje samfunnsdelen i kommuneplanen har Voss kommune fleire hundre ledige tomter for

fritidsbustader. Kommunen legg difor opp til at vidare utbygging bør skje i regulerte felt, men at der det ligg til rette for det kan det være grunnlag for sprett utbygging.

Kommentar

I arealdelen er det foreslått å regulere 22 nye område for fritidsbustad, totalt legg planen til rette for 166 nye fritidsbustader. Av desse er 41 av fritidsbustadane enkelthus eller mindre område, medan 31 er i eksisterande felt. Det er også lagt ut eit nytt stort felt som opnar opp for 100 nye fritidsbustader.

Hordaland fylkeskommune er positiv til Voss sin satsing på fritidsbustader, men rår til at kommunen senterer fritidsbustadene rundt eksisterande infrastruktur, som fritidstilbod (lysløyper, skisenter, turstiar) og eksisterande hytteområde. Små enkeltstående fritidsbustader bør revurderast og grunnleggjast. Fylkeskommunen rår også til å revurdere dei planane som kommunen har for regulering av nye store felt når det allereie er god dekning i eksisterande hyttefelt. Dette gjeld særleg for område F29. Når kommunen allereie har store arealreserve for dette arealføremålet er det etter fylkeskommunen sitt skjønn ikkje naudsynt å leggje ut nye store areal for slik utbygging i denne rulleringa.

Oppsummering:

- Voss kommune har gjennom eksisterande planar rikeleg med areal for fritidsformål. Kommunen bør difor konsentrere seg om dei areala som allereie er regulert til fritidsføremål.

Campingplassar

I samfunnsdelen til kommuneplanen er det mål om at kommunen skal ha attraktive campingplassar. I arealdelen har ein i denne rulleringa hatt fokus på å leggje til rette for ein betre nytting av denne typen fritids og turistformål.

Kommentar:

Det er positivt at kommunen har lagt inn både føresegner og retningslinjer for denne typen arealbruk og at campingområda sikrar ålmentas tilkomst til vatn og elveområde.

3.4 Arkitektur og estetikk

I føresegnene er det sett krav til god estetisk utforming på skilt og reklameinnretingar. Det er også og sett krav til at det ved utbygging skal takast omsyn til eksisterande bygningsmiljø og estetikk, og det er utarbeida eigne estetiske retningslinjer som skal leggast til grunn for ny utbygging.

Kommentar:

Planen er i samsvar med Hordaland fylkeskommune sin politikk for arkitektur og estetikk. Arkitektur og estetikk er også godt sikra i føresegnene og retningslinjer.

3.5 Barn og unges interesser, friluftsliv

I samfunnsdelen til kommuneplanen er det sett mål om at alle born i kommunen skal ha trygge og gode vilkår for oppvekst.

Kommentar:

Det kjem ikkje fram om det er gjort registreringar for barns bruk av areal i forkant av arbeidet med kommuneplanens arealdel og samfunnsdel. Barn og unge sine interesser er heller ikkje tatt med som punkt i KU vurderingane. Hordaland fylkeskommune vil presisere at det er viktig at planlegginga tek omsyn til barn og unge sine interesser. Voss er ein vekstkommune med stort press på areala som ligg i sentrale område. Det er viktig å sikre tilkomst til grønne areal i tettstadsområde. Det hadde vore positivt om føresegnene kunne sagt noko om sikring av erstatingsareal i nærområde, sikring av samanhengande grønne strukturar og sikring av område med særslite kvalitetar som akebakke og klatretre.

Det er positivt at planen legg opp til nye gang og sykkelveggar. Dette er eit viktig tiltak for å sikre både folkehelse og barn og unge sine interesser i planlegginga. Det er og positivt at krav om universell utforming er teke inn i føresegnene.

Voss kommune er rik på varierte friluftsområde og dette er også ein viktig ressurs i næringslivet. Å sikre tilkomst til areal for friluftsliv er eit viktig helsefremmande tiltak. Voss kommune har gjort eit godt arbeid med å unngå å leggje til rette for arealbruk som hindrar utøving av friluftsliv.

3.6 Folkehelse

Samfunnsdel til kommuneplanen for Voss kommune viser at kommunen, i tråd med nasjonale forventingar, planlegg for at folkehelsestrategiar og mål skal implementerast inn i alle kommunale innsatsområder. Eit overordna mål for kommunen er at mellom anna folkehelse skal leggjast til grunn for planleggingsarbeidet. Gode døme på viktige folkehelsesatsingar er å finne i målformuleringane i temakapitla 7, 8, 9,10, 11 og 12. Det er likevel noko vanskeleg å sjå om det er gjort ei avveining mellom ulike interesser gjennom målformuleringane i planen som t.d. mellom næringsinteresser og oppvekstinteresser. Det kjem i liten grad fram av dokumentet korleis kommunen vil bruke mellom anna samfunnsdelen til å arbeide for å redusere sosiale helseforskjellar (Plan- og bygningslova) eller utjamne slike forskjellar (Folkehelselova). Kommunen viser i kapittel 9 at førebyggjande arbeid blant barn og unge skal prioriterast. God og trygg oppvekst og gode skular er eit av dei viktigaste verkemidlane kommunen har i folkehelsearbeidet. Heller ikkje på dette viktige innsatsfeltet er mål for sosial utjamning i helse omtala. Voss kommune skal etter Folkehelselova §§ 5 utarbeide oversiktsdokument over helsetilstanden og påverknadsfaktorar. Vi kan ikkje at det er vist til slikt dokument i plangrunnlaget. Slik planframlegget ligg no er det litt vanskeleg å lese ut av dokumentet kva som er dei viktigaste folkehelsemåla for Voss kommune i planperioden.

3.7 Klima og energi

Ifølge samfunnsdelen kjem dei største utsleppa i kommunen frå motoriserte kjøretøy, landbruk og stasjonær forbrenning. Kommunen har mål om å følgje opp nasjonale mål om utsleppsreduksjonar, og gjere tiltak for å tilpasse seg dei klimaendringane som er ventande.

Kommentar:

Det er positivt at planen problematiserer dei store miljøutfordringane verda står overfor og at dette har lokal relevans. Det er også bra at planen legg vekt på regionale planar, retningslinjer og at Klimaplan for Hordaland, Fylkesdelplan for små vasskraftverk og FylkesROS vert framheva. Naturvern får også ein sentral plass i dokumentet. Det er viktig at planen ser klimapolitikk og naturmangfald i samanheng.

Når det gjeld *ureining*, er det positivt at ein prioriterer å leggja om den kommunale bilparken til el-bilar. Om kommunen i tillegg klarar å leggja til rette for meir el-bilbruk generelt, t.d. gjennom føresegner der det er sett krav til ladepunkt, kan det bidra til å redusera luftureininga både i Voss sentrum, men kanskje endå meir i utkantsstrok med dårleg offentleg transporttilbod. I utkantsrøk vil el-bilen vera eit miljøvenleg og godt alternativ så lenge infrastrukturen med tilstrekkelege ladestasjonar er på plass. For ein byliknande tettstad som Voss er det og mykje å henta på tilrettelegging for sykkel slik som kommunen legg opp til.

Under måla om *klima og energi* vil kommunen følgja opp dei nasjonale klimamåla og driva aktiv klimatilpassing. Med den siste tids hendingar med flaum og ras friskt i minne, der Voss vart særleg hardt råka, er måla lite konkrete og er heller ikkje utmeisla i handlingsprogrammet. Klimatilpassing med førebyggjande tiltak bør få ein mykje tydelegare plass i planen.

Når det gjeld energi, er det positivt at det er mål om ENØK og satsing på fornybare energikjelder. Særleg spennande er satstinga i handlingsprogrammet på bioenergi, som Voss allereie er godt i gang med. Også vasskraft gjev viktige tilskot så lenge ein tek omsyn til landskap, biologisk mangfald, fisk og friluftsliv. I det heile er det viktig å følgja opp klima- og energiplanen aktivt både gjennom revisjon og innarbeiding i andre kommunale planar.

Oppsummering

Planframlegget presenterer grundig og systematisk viktige mål og tiltak for å få ned klimagassutsleppa i kommunen og står fram som eit godt og føremålstenleg klimadokument. Framlegget er i stor grad i samsvar med mål, strategiar og retningslinjer i Klimaplan for Hordaland 2014-2030. I sær er det grunn til å framheva den tydelege satsinga på klimavenleg sentrumsutvikling og klimavenleg transport. På den andre sida bør klimatilpassing få ein tydelegare plass i planen slik det er lagt opp til i retningslinjene i Klimaplan for Hordaland.

3.8 Kulturminne og kulturmiljø

Voss er ein kommune rik på kulturminne og kulturmiljø. I kommuneplanens samfunnsdel er det definert delmål der en mellom anna ynskjer å leggje opp til at ein skal ta vare på og vidareutvikle desse ressursane.

Kommentar:

Det er viktig å ha fokus på kulturminne og kulturmiljø i den overordna planlegginga, både som ein ressurs som må sikrast, og som satsingsområde innan reiseliv, utdanning, fysisk miljø, utvikling av attraktive stader, marknadsføring og identitetsskaping i kommunen. Arealplanen til Voss kommune har i stor grad tatt omsyn til kulturminneverdiane som er kjent. Dei konfliktpunkta som står att vart på grunn av stort tidspress i saka drøfta mellom Voss kommune og Hordaland fylkeskommune i møte den 04.12.2014. I forkant av møtet hadde seksjon for kulturminnevern og museum gjort ei gjennomgang av potensielle kulturminnekonfliktar i samband med dei områda som har ny arealbruk.

Følgjande område er vurdert som konfliktfylte for kulturminne og kulturmiljø:

Hylle og Bjørkemoen R4 a, b og c

- Areal A kulturmark ligg svært nær opp til Ygre stasjon som er freda
- Areal B ligg i konflikt med fornminne gravhaugar ID 66559 og har stort potensiale for nye funn.
- Areal C ligg i konflikt med Id 169911 gamle Raundalsvegen (Saltvegen) og i nærføring til Id 169930 som er hulveg og brufeste til same veg.

Det er berre tiltaksområde areal C som er tatt med i kommuneplanen, føreslått arealbruk vil vera i konflikt med nasjonale kulturminneverdiar. I samband med møtet den 04.12.2014 kom det fram at både Voss kommune og Hordaland fylkeskommune legg til grunn at planen ikkje skal vera i konflikt med nasjonale kulturminneverdiar. Ein drøfta difor forslag til løysing med å trekka C-området ut av planen og sjå uttak av sand og grus ressursane i samband med reguleringsplan for Bømoen som eit heile.

- Det er knytt motsegn til arealbruk for området R4 C, motsegnet vil kunne trekkast dersom ein gjer naudsynte endringar i planen.

Rekve (B5)

Forslag til bustadtomter arealet ligg rett sør for gravminne Id 60503. Synfaring på staden viser at tilhøvet til kjente kulturminne nok ikkje er vesentleg. Føreslåtte tiltak ligg på nedsida av vegen og her er då eit par meter ned frå vegen. Når gravminne ID 60503 då ligg ein 5 – 6 meter over vegen igjen, vil det truleg ikkje vera direkte visuell konflikt. I samband med møtet den 04.12.2014 kom det fram at Voss kommune meiner omsynet til gravminnet kan ivaretakast gjennom byggjesak.

Raaberget (B11)

Her er kjent eit kulturminne inne i arealet som er føreslått regulert til bustadområde. Området rundt det kjente fornminnet vart synfare. Her vart då observert fleire mogleg automatisk freda kulturminne i nærområdet til gravminnet. I tillegg vart det sett fleire anlegg frå militær aktivitet, moglegvis krigsminne.

I samband med møtet den 04.12.2014 orienterte Voss kommune om at ein her ynskte regulert delvis bustad og delvis næringsareal kor av området med bustad då ligg i området med fornminne. Området markert med gult i bør enten takast ut av kommuneplanen, alternativt bør kommunen leggja inn ein buffer – grøntsoner som vilkår til reguleringsplan i føresegnene til kommuneplanen. Ei sone rundt fornminna vil slik heimlast i kommuneplanen, men vert endeleg avgrensa i samband med reguleringsplan for området.

Hellesnes B19

Tidlegare motsegnspunkt i samband med førre plan, no lagt fram igjen med inntil 70 einingar, midt i planarealet ligg då gravminnet Id 60497 - Synfaring av tiltaksområdet viser eit kulturlandskap med fornminne. Gravminnet ID 60497 ligg på eit tydeleg markert bakkanes i landskapet. På synfaring viser det seg at tett ved haugen er fleire mindre røyser, som og kan vera gravminne. Arealet som er lagt ut til bustadføre mål er dyrka mark og beitemark, delvis bratt fyllittfjell. Landskapet omkring kulturminnet står i dag fram som eit viktig kulturlandskap. Det er framleis knytt motsegn til eventuell bruk av dette området i det volum som høyringa legg opp til, både på grunn av stort potensiale for konflikt med ikkje kjente kulturminne.

Eit stort volum på byggefeltet vil øydelegge omgjevnadane til eit av dei beste og mest intakte kulturminna på Voss. Ut i frå ei fagleg vurdering av skjemming og konfliktvurdering vil det ved å konsentrere seg om eit mindre areal på gnr/bnr 35/2, som er austlege del av føreslått felt B19, kunne unngå direkte konflikter med kjende kulturminneverdiar. Ei utbygging her vil i mindre grad verke inn på dei verdiane som er knytt til oppleving, skjemming og ivaretaking av gravfeltet. B19 i kommuneplanen løysar ut fleire problemstillingar, som etter vårt syn bør setjast lys på gjennom ein kommunal delplan som grunnlag for reguleringsplan.

- Det er knytt motsegn til område B19 i den form det ligg føre på høyring grunna vesentleg konflikt med automatisk freda kulturminne.

Bjørkemoen R2

Bømoen er ei samling av forskriftsfreda bygg. «Formålet med bevaringa på Bømoen er å ta vare på den opprinnige leirstrukturen og bygningene fra den eldste perioden i leirens historie med noen få unntak.» Bjørkemoen R2 – problematisk opp i mot Bømoen leir. Etter synfaring på Bømoen vart det klart at verknaden av tiltaket vil få ulik verknad på dei vedtaksfreda bygga i leiren. I vest ligg leiren høgare opp i lendet og avstanden til andre elvebreidda er vel 80 meter. Lengst i mot nord der elva svingar er uttaksområdet lågareliggende, men det gjer og dei freda bygga her. Eit uttaksområde i full skala vil i større negativ grad verka inn på kulturminneverdiane til leiren.

Voss kommune viser til at Bjørkemoen er eit viktig uttaksområde for sand og grus, Hordaland fylkeskommune ser at ei buffersona langs med elva kan redusere visuell negativ verknad. Tilrettelegging av ein utvida buffersona langs med elva kan redusere visuell negativ verknad, denne må imidlertid vera stor nok til å danne ein reell grøn buffer. Vi vil be om at buffersona på 30 m vert utvida med 10 meter. I tillegg vil det ikkje måtte etablerast bygg eller anna i samband med etterbruk av området.

Lydvo B 55

Lydvaløftet er eit stort loft frå mellomalderen, med eit lafta rom i kvar høgde og innkledde svaler på sidene. I andre høgda er ein rikt utforma portal med restar av måla dekor. Loftet stod opphavleg i tunet på garden

Lydvo. Ved utskiftinga i 1909 vart det kjøpt av Fortidsminneforeningen og flytta til noverande tomt. Lydvalloftet er automatisk freda.

Området rundt Lydvolloftet er bratt og trangt. Ei utbygging i bakre kant av loftet vil kunne ha stor innverknad på opplevingsverdien til kulturminnet. Då Lydvolloftet ikkje står på sin opphavlege stad vil det vera viktigare å sikre kulturminneverdiane gjennom styring i reguleringsplan enn gjennom motsegn. Det er likevel viktige omsyn som må takast med omsyn til arealbruk og verknad av nye bygg i bakken ovanfor loftet.

I samband med møtet den 04.12.2014 la Hordaland fylkeskommune fram eit forslag om å trekke bustadarealet lenger opp i lendet, Lydvolloftet si plassering gjer at loftet blir bygd inn med det nye tiltaket. Tilrettelegging av bustader tett på i bakkant av loftet gjer at loftet tapar autentisitet. Terrenget bak er bratt og vil gje konsekvensar for den freda bygningen. Området avsett til Lydvo B 55 bør reduserast og området under kote 100 bør takast ut av planen.

Kunstnarheimar på Voss

I eit brev av 21.12.2011 frå Hordaland fylkeskommune oppmodar vi kommunen til ta med i kommuneplanen dei særmerkte kunstnarheimar i distriktet. Det står med anna: «Det er ein stor føremon om ein sikrar desse stadene i komande rulling av arealdelen i kommuneplanen. Oppfølgjande tiltak kan vera auka merksemd på vern, vøling og formidling av eigedomane, gjerne som eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune, Voss kommune, Hardanger og Voss museum og lokale krefter».

Desse heimane representerer ein stor rikdom på kulturarv, både immateriell, gjenstandar og bygningsarkitektur frå ein tidsrom på 150 år. Vi viser til utgreiing : Utgreiing på oppdrag av Fylkeskonservatoren i Hordaland utarbeidd av Stiftinga for Bergsliminne. 2014

Følgjande eigedomar er vurdert: *Bergslitræet*, eit husmannsplass i Prestegardsmoen der dei to kunstnarane Knud og Brynjulf Bergslien vaks opp; *Norsk Kunsthåndverksskule*, teikna av Magnus Dagestad og *Tinrabakken*, der kunstnarparet Helena Bu og Magnus Dagestad budde frå 1902-1920 (Berre utvendes); *Rosereiret*, heimen til kunstnaren Magnus Dagestad frå 1920 fram til han døydde i 1957; *Bu-huset*, bustad for Torvald Bu, systerson til rosemålararen Helena Bu Dagestad og der Helena var ofte gjest (Berre offentleg tilgjengeleg historikk). Utanom området ved utløpet av Vosso er det følgjande eigedomar: *Slottet*, Horvei ved Bolstadøyri, gildehuset til diktaren Knut Horvei, teikna av Magnus Dagestad; *Sævelid*, Osavegen, teikna av kunstmålararen Lars Osa, og dette var heimen til både han, deretter sonen, spelemannen Sigbjørn Osa, og no skodespelaren Liv Osa. Aust for Vangen er det *gamlestova på Tvinne*, barndomsheimen til skodespelaren Lars Tvinde, ei tømmerstove frå 1710, og *stova* etter treskjeraren Styrk Hirth på Mørkve i Myrkdalen som er frå 1800-talet.

Alle desse husa har ei rik soge, dei er arkitektonisk særmerkte, og dei er knytta til kunstnarmiljøet på Voss frå omlag 1830 og fram til 1950-åra. Alle kunstnarane kan reknast som nasjonale i tillegg til at dei representerer viktige lokalmiljø. Husa der dei budde har vorte tekne vare på for ettertida, men også heile kulturlandskapet rundt dei.

Hordaland fylkeskommune har vurdert at det bør leggjast ei omsynsone c) (SOSI-Kode H570) med tilhøyrande retningsliner ut i frå at det bør vera auka fokus på vern på Kunstnarheimane på Voss j.f.pbl §11-8 c) for følgjande område:

1. *Bergslitræet*, eit husmannsplass i Prestegardsmoen der dei to kunstnarane Knud og Brynjulf Bergslien vaks opp;
 2. *Norsk Kunsthåndverksskule*, teikna av Magnus Dagestad
 3. *Tinrabakken*, der kunstnarparet Helena Bu og Magnus Dagestad budde frå 1902-1920
 4. *Rosereiret*, heimen til kunstnaren Magnus Dagestad frå 1920- til han døydde i 1957
- Bu-huset*, bustad for Torvald Bu

5. *Sævelid*, Osavegen, teikna av kunstmålaren Lars Osa, og dette var heimen til både han, deretter sonen, spelemannen Sigbjørn Osa, og no skodespelaren Liv Osa.
6. *Slottet*, Horvei ved Bolstadøyri, gildehuset til diktaren Knut Horvei, teikna av Magnus Dagestad
7. *Gamlestova*, *Tvinne*, barndomsheimen til skodespelaren Lars Tvinde
8. Stove etter Styrk Hirth, Treskjeraren, Styrk Hirth på Mørkve i Myrkdalen s

Samandrag:

Arealplanen til Voss kommune har i stor grad tatt omsyn til kulturminneverdiane som er kjent. Dei konfliktpunkta som står att vart på grunn av stort tidspress i saka drøfta mellom Voss kommune og Hordaland fylkeskommune i møte den 04.12.2014. Her vart ulike løysingar lagt fram for kommunen, som då har hatt ei eiga intern vurdering av desse. Det er knytt motsegn til arealbruk for området R4 C og B 19 Hellesnes

3.9 Landskap og strandsone

Voss kommune har eit landskap prega av brede dalar i fleire ulike himmelretningar og med fleire viktige vassdrag. Ifølge kommuneplanen sin samfunnsdel er landskapet i Voss rikt på både opplevingsmessige og funksjonelle verdiar. Vossalandskapet gjev grunnlag for eit variert næringsliv innan bladt anna råstoffutvinning, landbruk og reiseliv.

Kommentar:

Kommuneplanens arealdel er eit viktig styringsdokument for å sikre god forvaltning av landskapet. All utbygging påverkar landskapet og forvaltning er derfor eit område som må prioriterast for å sikre verdifulle landbruksareal, naturlandskap og kulturlandskap. Planlegging må sikre at nye byggjetiltak og infrastruktur innordnar seg dei fysiske omgjevnadene.

Voss kommune har gjort ein god jobb med å lokalisere ny arealbruk på ein måte som ikkje kjem i konflikt med verdifullt landskap. Det er også positivt at det er føresegner med omsyn til landskap i tilknytning til dei områda som er sett av til råstoffutvinning, og at planen legg opp til god forvaltning av strandsona til vassdraga i kommunen.

3.10 Næringsutvikling

Voss kommune har eit allsidig næringsliv. Kommunen ynskjer å oppretthalda og leggje til rette for eit levande og attraktivt næringsliv i framtida ved å ta vare på eksisterande arbeidsplassar og leggje til rette for nye. Ifølge kommuneplanen er sin samfunnsdel det store utfordringar med å finne areal for næring. Kommunen har i denne rulleringa det lagt opp til 25 nye område for næringsutvikling. Av desse er 5 nye område sett av til råstoffutvinning. 2 område er sett av til blanda formål for næring og bustader.

Kommentar:

Voss kommune har gjort ein god jobb med å lokalisere rett verksemd på rett plass. Det er positivt at det er lagt til rette for nye næringsareal innafor sentrumsavgrensinga av Vossevangen. Dette er med på å gje fordeler for både lokalsamfunn og for samordna areal og transport.

3.11 Samferdsel

Voss kommune ligg sentralt i Hordaland og er eit viktig knutepunkt både for trafikken mellom aust og vest, samt regionalt og lokalt. Dette gjeld både for reiser langs veg og jernbane. Reiselivet er også avhengig av at Voss fungerer som knutepunkt der infrastruktur og kollektivtilbod gjer at dei reisande enkelt kan byte skyssmiddel. Knutepunktet ved Voss stasjon er under utvikling, og det er viktig å sjå dette området i samheng med resten av sentrum. Det må sikrast gode og trafikksikre tilkomstvegar mellom sentrum og stasjonsområdet, ikkje minst for dei mjuke trafikantane. I planforslaget til ny kommuneplan kjem det fram at

kommune vil arbeide for sykkel-løysingar, og det er utarbeid eit planutkast for hovudnett på sykkel i Voss sentrum. Fylkeskommunen vil oppmode til å arbeide vidare med gode sykkeløysingar og ambisjonane om å få fleire på sykkel. Det er ikkje å anbefale å lage kombinerte gang- og sykkelveger. Desse trafikantgruppene bør skiljast dersom det er mogleg. Kommunen bør og sjå sykkelsatsinga i samanheng med utarbeiding av ny parkeringspolitikk i sentrum. Til dømes kan kommunen vedta kor stor del av eit parkeringsareal som skal settast av til sykkelparkering.

Kollektivtilbodet lokalt og regionalt vil ha stor betydning for dei reisande. Fylkeskommunen vil oppmode kommunen til å vurdere aktuelle kollektivløysingar i planlegginga av nye bustadområder og vere i dialog med Skyss kring dette. Til dømes må utviklinga av bu- og næringsverksemd på eit så stort område som Bømoen vere avhengig av gode kollektivløysingar. For fylkeskommunen/Skyss er det ein fordel at kommunen har vurdert kva kollektivløysingar ein ser føre seg når nye områder vert regulert til bustad og/eller næring. Vidare vil val av linje på ein framtidig jernbanestrekning for Bergen – Voss ha innverknad på kollektivtilbodet for busette på Evanger og Bolstadøyri. Kommunen sine betraktningar og innspel i planprosessen vil også her kunne gje føringar for kollektivtilbodet i kommunen.

Innspel frå Statens Vegvesen:

Statens Vegvesen er sams med vegadministrasjonen med Hordaland Fylkeskommune når det gjeld fylkesvegar, og kjem med innspel til kommuneplanar. Statens Vegvesen har ingen vesentlege merknader til kommuneplanen, men kommenterer at planlagt arealformål i område i F29 Solnutane, legg opp til ein arealbruk som er meir enn fylkesvegen toler.

3.12 Mineralressursar

Mineralressursar er økonomisk viktige naturressursar i kommunen. Eit av fokusområde ved denne rulleringa har vore å vurdere nye område som er egna for framtidig råstoffutvinning i kommuneplanen. I arealdelen har kommunen lagt ut 5 område for råstoffutvinning.

Kommentar:

Råstoffuttak er handsama på ein god måte i arealplanen, ikkje minst gjennom føresegnene for å ta omsyn til landskap, avvøling/tilbakeføring og etterbruk. Voss var den av kommunane i Hordaland, nest etter Bergen, med størst forbruk av byggjeråstoffa grus og pukk i 2013. Korleis kommunen tenkjer å dekke behovet for byggjeråstoff framover er eit aktuelt spørsmål. Av kommunane i Hordaland er det berre Eidfjord og Etne som har større grusressursar enn Voss, og ein bør søkje å avklare kva førekomstar som kan vere aktuelle for uttak, og søkje å hindre at desse vert nedbygd.

3.13 Vassforvaltning, vilt og innlandsfisk

Voss kommune har mål om at både vassdrag skal forvaltast på ein god måte slik at ein sikrar god vasskvalitet og biologisk mangfald. Det biologiske mangfaldet skal også sikrast, og i område med høg verdi skal ein unngå å gjere inngrep.

Kommentar:

I viltforvaltninga er fylkeskommunen sine oppgåver knytt til forvaltning av haustbare, ikkje truga viltartar. Som planmyndigheit har fylkeskommunen ei viktig rolle i å ta vare på viltet sine leveområde, samt bidra til at den kommunale forvaltninga av hjort, elg og rådyr ivaretek bestandane og leveområdas mangfald og produktivitet. I Naturmangfaldlova er det blant anna mål om at artane førekjem i levedyktige bestandar i sine naturlege utbreiingsområde.

Vass og viltforvaltning er handsama på ein god måte i planen. Hordaland fylkeskommune gjer merksam på at ei utbygging av alpinanlegg i området Slettafjellet-Nyaset må vurderast nøye opp mot dei ulike

viltinteressene i området, blant anna beiteområde for storfugl og det regionalt viktige vinterbeiteområdet for hjort.

4. Innspel til utvalde arealføremål

I dette avsnittet oppsummerer vi nye arealføremål som er i konflikt med regionale interesser, og korleis planen bør endrast i skjemaet nedanfor. Skjemaet er strukturert etter arealføremål for å få fram korleis regionale interesser samla sett blir påverka av planforslaget.

Arealføremål	Regionale interesser	Tilråding
Bebyggelse og anlegg		
Bustad		
B3, B4, B16, B17, B35 Mønshøgda/ Opedalsvatnet	<u>Regionale interesser:</u> Lokalsenteret er utflytande og lite definert. Det bør gjerast ein vurdering av sentrumsavgrensinga på Mønshaugen/ Opeland før ein legg ut store nye bustadfelt.	<u>Rår frå</u> Området bør ha ein meir tydeleg senterstruktur før ein legg til rette for nye bustadområde.
B5 Rekve 3 einingar	<u>Kulturminne</u> Konflikt med kulturminne rett sør for planområdet.	Detaljregulering må ha omsyn til kulturminne. Dette må sikrast i føresegnene.
B6 Bjørke 21 einingar	<u>Regionale interesser:</u> Planområdet er har ikkje naturleg tilknytning til eit senterområde og bidreg til eit uheldig utbyggingsmønster. Kommunen bør vurdere fortetting i eksisterande bustadområde før dei legg til rette for utbygging her.	<u>Rår frå</u> Området bør takast ut av planen grunna utbyggingsmønster.
B7 Bjørkehaugen 4 einingar B38 Giljarhus 5 einingar	<u>Regionale interesser:</u> Både B7 og B38 ligg langt frå nærsenter og utan tilknytning til eksisterande bustadområde og bidreg til eit uheldig utbyggingsmønster. B38 vil føre til nedbygging av beiteområde.	<u>Rår frå</u> Områda bør takast ut av planen grunna utbyggingsmønster, eventuelt regulerast som LNF spreitt.
B9 Gjelle 5 einingar	<u>Regionale interesser:</u> Planområdet ligg utanfor sentrumsavgrensinga av Vossavangen. Det er uheldig å leggje til rette	<u>Rår frå:</u> Området bør takast ut av planen grunna

	for bustadbygging med låg utnyttingsgrad i nærleiken av eit regionsenter. Kommunen bør vurdere fortetting i eksisterand byggjeområde innafor sentrumsavgrensinga. Tiltaket legg til rette for nesten utelukkande bygging på dyrkbar mark og ligg i eit område som er eksponert i landskapet.	utbyggingsmønster og landskap.
B10 Opkvitne 4-5 einingar	<u>Regionale interesser:</u> Området ligg langt frå skule/ barnehage og lokalsenter. Planområdet ligg eksponert til i landskapet. Kommunen bør vurdere fortetting i eksisterand byggjeområde som ligg i tilknytning til senterområde.	<u>Rår frå</u> Områda bør takast ut av planen grunna utbyggingsmønster, eventuelt bli regulert som LNF spreitt.
B11 Raaberget	<u>Kulturminne:</u> Det ligg kulturminne inne i arealet som er føreslått regulert til bustadområde.	Området markert med gult bør takast ut av kommuneplanen. Alternativt bør kommunen leggja inn ein buffer – grøntsone som vilkår til reguleringsplan i føresegnene til kommuneplanen.
B14 Saue 1 eining B28 Saue 2 2 einingar	<u>Regionale interesser:</u> Områda ligg langt frå senterområde. Det ligg ledige bustadareal i området som ikkje er utbygd. Kommunen bør nytte seg av eksisterande byggjeområde. Det er manglande flaumvurderingar i KU for B14.	<u>Rår frå</u> Området bør takast ut av planen grunna utbyggingsmønster
B19 Hellesnes 70 einingar	Området var motsegns punkt ved rulleringa av kommuneplanen i 2011. <u>Regionale interesser:</u> KU rår frå reguleringa. Det er lagt til rette for 70 bueiningar i eit område som ikkje ligg i tilknytning til eksisterande bustadområde, skule eller nærsenter. Kommunen bør nytta seg av eksisterande bustadområde som er knytt til senterområde. <u>Kulturminne:</u> Det ligg automatisk freda kulturminne midt i planområdet. Planlagt arealbruk vil ha vesentlege konsekvensar for dette.	<u>Tilrår motsegn</u> Området bør takast ut av planen grunna utbyggingsmønster og omsyn til kulturminne.
B20 Leitet 2 bustader	<u>Regionale interesser:</u> KU rår frå reguleringa. Det er lagt til rette for 2 bustadeiningar i skogsområde langt frå anna busetnad.	<u>Rår frå</u> Området bør takast ut av planen grunna utbyggingsmønster.

B36 Utkvitne 3 bustader	<u>Regionale interesser:</u> Det er ledig areal i bustadområde i nærleiken. Området ligg langt frå skule barnehage og lokalsenter.	<u>Rår frå</u> Området bør takast ut av planen grunna utbyggingsmønster eventuelt bli regulert som LNF spreitt.
B 38 Giljarhus 5 bustadtomter	<u>Regionale interesser:</u> Området ligg langt frå private/ offentlege tjenester med 3 km til skule/ barnehage og 10 km til kommunesenter	<u>Rår frå</u> Området bør takast ut av planen grunna utbyggingsmønster.
B39 Kinne 8 einingar	<u>Regionale interesser:</u> Området ligg langt frå skule/barnehage og lokalsenter. Kommunen bør vurdere fortetting i eksisterand byggeområde som ligg i tilknytning til senterområde. Delar av området ligg i kjerneområde for dyrka mark.	<u>Rår frå</u> Området bør takast ut av planen grunna utbyggingsmønster.
B41 Storbakken, Bordalen 12 einingar	<u>Regionale interesser:</u> Skulen skal nedlegas og området vil då ligge langt frå alle funksjonar. Området ligg i inngangen til eit areal nytta til friluft/idrettsfremål. Det er ledig areal i bustadområde i nærleiken.	<u>Rår frå</u> Området bør takast ut av planen grunna utbyggingsmønster.
B43 Russarvegen	<u>Regionale interesser:</u> Området ligg nær Vosso og er ikkje tilstrekkeleg vurdert ut frå flaumfare.	Området bør takast ut av planen grunna manglande klima/flomvurderingar.
B45 Haugsvik 3 einingar	<u>Regionale interesser:</u> Langt frå skule og nærsenter.	<u>Rår frå</u> Området bør takast ut av planen grunna utbyggingsmønster. Eventuelt bli regulert som LNF spreitt.
B50 Korken	<u>Regionale interesser:</u> Området ligg langt frå skule og nærsenter, det ligg rett ved elva og vil føre til nedbygging av beitemark. Eventuell bustadbygging i området bør lokaliserast på vestsida av vegen. KU vurderingane er ikkje tilstrekkeleg i forhold til klima/flaum	<u>Rår frå</u> Området bør takast ut av planen grunna utbyggingsmønster. og grunna manglande klima/flomvurderingar
B55 Lydvo	<u>Kulturminne:</u> Konflikt med kulturminne innanfor planområdet	Området avsett til Lydvo B 55 bør reduserast og området under kote 100 bør takast ut av planen.
B 57 Ringheim	<u>Regionale interesser:</u>	<u>Rår frå</u>

	Området er lagt på dyrka mark og vil ha uheldig verknad på jordbruksareal.	Området bør takast ut av planen grunna landbruksverdiar.
B60 Rogve	<u>Regionale interesser:</u> Området er lagt på dyrke mark og vil ha uheldig verknad på jordbruksareal.	<u>Rår frå</u> Området bør takast ut av planen grunna landbruksverdiar.
Fritidshus		
F29 Solnutane	<u>Regionale interesser:</u> Eit stort hyttefelt med 100 nye fritidsbustader. Dette er ikkje i samsvar med målsettingane i samfunnsdelen av kommuneplanen om å leggje hytteutbygging i eksisterande felt. Kommunen har rikelig med hytteareal og bør ikkje legge ut nye store areal til fritidsbusetnad i denne rulleringa. Den eksisterande fylkesvegen er ikkje tilstrekkeleg dimensjonert.	<u>Rår frå</u> Området bør takast ut av planen i denne rulleringa, grunna god dekning for fritidshus i eksisterande regulerte område.
F37 Ysta Nåsen	<u>Regionale interesser:</u> Ku rår frå reguleringa. Området ligg i ein av innfartsportane til Nærøyfjorden og kan ha verknader på friluftsliv og landskap. KU vurderinga gjev ikkje tilstrekkeleg vurderingsgrunnlag.	<u>Rår frå</u> Området bør takast ut av planen grunna grunnlag av verkander for landskap.
Råstoffutvinning		
R1 Løno	<u>Regionale interesser:</u> Lønaøyane naturreservat ligg rett vest for planområdet. Råstoffutvinning i dette området kan bli sær synleg frå vegen og frå naturreservatet.	<u>Rår frå</u> Området bør takast ut av planen grunna verknader for landskap/naturreservat.
R2 Bjørkemoen	<u>Regionale interesser:</u> Rauldalselva vert mykje nytta til friluftsliv. Råstoffuttak kan ha negative konsekvensar for landskap, friluft og reiseliv. <u>Kulturminne:</u> Det er nasjonale kulturminne nord og vest for området. Ny arealbruk er ikkje tilstrekkeleg vurdert ut frå følgjene til kulturminne.	<u>Rår frå</u> Området bør takast ut av planen grunna nærleiken til elva/kulturminne. Dersom området vert med i planen bør det settast vilkår om buffer mot elva.
R4 C Hylle og Bjørkemoen	<u>Kulturminne:</u> Areal R4 C ligg i eit område der det er konflikt med nasjonale kulturminne.	<u>Tilrår motsegn</u> Området bør takast ut av planen grunna konflikt med nasjonale kulturminne.

		Motsegna vil kunne trekkast dersom ein gjer naudsynte endringar i planen.
Næring		
N30 Kvitno	<u>Regionale interesser:</u> Delar av området er allereie utbygd. Ein bør avgrense næringsarealet. Slik at ein ikkje nyttar seg av jordbruksarealet aust for eksisterande tiltak.	Delar av området bør takast ut av planen.
N29 Gjernes	<u>Regionale interesser:</u> Området ligg nær eit mykje nytta friområde og har tilkomst gjennom eit bustadområde.	Området bør takast ut av planen grunna nærleiken til friområde og bustadområde
Idrett		
I1 Slettafjellet- Nyaset	<u>Kulturminne:</u> Etablering av skitrekk kan føre til press på området i forhold til framtidig hytteutbygging. Det bør difor gjærast samla vurdering om kva slags verknader skitrekket vil ha for framtidig utvikling av området. Vegen i Dyrvedalen er dårleg og dersom området i framtida skal nyttast til hyttebygging vil dette fort skape konflikt i forhold til vegtilkomst/ kulturminne og kulturlandskap. Konsekvensutgreiinga er ikkje tilstrekkeleg for å kunne vurdere kulturverdiane som eit heile i Dyrvedalen.	<u>Rår frå</u> Området bør takast ut av planen i denne rulleringa.

5. Oppsummering

Voss kommune har hatt kommuneplan med arealdel (2015-2026) på høyring. Forslaget er i hovudsak i samsvar med regional politikk.

Konsekvensutgreiinga og føresegnene er av god kvalitet, medan planskilringa er lite utfyllande. Det er utarbeida konsekvensutgreiing for alle nye utbyggingsområde.

Kommuneplanen hatt fokus på sentrumsnære bustader og areal for råstoffutvinning. Samfunnsdelen har hatt fokus på å gjennomgå og tilpasse eksisterande handlingsprogram i høve til kommunen sin økonomiske situasjon. Det har vore ein god planprosess, og Hordaland fylkeskommune har hatt fleire møte med kommunen mellom anna i det regionale planforumet.

Sjølv om hovudintrykket av plandokumentet er bra, har fylkeskommunen likevel foreslått nokre endringar i planen. Voss kommune bør ta ein ny vurdering av det store omfanget av små bustadområde som ikkje ligg i tilknytning til senterområde. Det er tilrådd motsegn til område B19 Hellsnes grunna konflikt med prinsipp om samordna areal og transportplanlegging.

Voss har mykje ressursar i kulturminne og kulturmiljø. Kommunen har gjort ein god jobb med å leggje opp til eit utbyggingsmønster som ikkje kjem i konflikt med desse. Det er tilrådd motsegn til områda R4 C Hylle og Bjørkemoen, og B19 Hellsnes grunna omsynet til kulturminne og kulturmiljø.